

Englefortellingar i jødedom, kristendom og islam

-ei desemberutstilling



2008

Universitetsbiblioteket i Bergen



Tekst: Solveig Kavli Bibliotek for samfunnsvitenskap og humaniora

Utforming og foto: Pedro Vásquez Avd. for Spesialsamlingane

Vi takkar Richard Natvig for gode tips og utlån av englemateriale.

Takk til Bergen Museum for tilgang til fotografering, og takk til tilsette ved UB for lån av englar.

Englefortellingar i jødedom, kristendom og islam -ei desemberutstilling

Englane finst som hjelparar og bodbringerar i fortellingar frå jødedom, kristendom og islam. Vi kjenner dei som hjelparane til Gud, som lys, som falne, som krigarar, som sterke og som søte og også som svært mektige.

Englane blir nytta i bøn, dei vaktar oss når vi søv og dei blir også brukt som bilete på når vi ein gang var som rett ved døydden, men alt gikk likevel bra - då har vi englevakt. Englane kan og vere ei omskriving av døden i litteratur, eller i film, der ein blir omgitt av lys på jorda og så tar dødsengelen med seg den omkomne til ein annan stad- til lyset.

Kva ein engel egentlig er har det vore diskusjonar om innanfor dei tre store religionane vi presenterer i utstillinga. Det som er heilt sikkert er at dei har ein plass i religionshistoriene som blir fortalt og dei grip inn i forteljingane og handlar på vegne av, eller saman med Gud.

Bileta som blir presentert i utstillinga er representasjonar av englar slik kunstnarar og teiknarar i ulike verdsdelar ser på dei. Vi møter dei i kamp mot dei falne englane, mot det vonde og som skytsenglar som vernar barn. Dei kan og opptre som rettleiarar for menneska like før dei skal til å gjere ei handling, der eit utfall som kunne bli fatalt likevel ender godt, og som representantar for dei gode kreftene, for lyset.

Englefortellingar i jødedom

Den viktigaste oppgåva for englane vi møter i jødedommen er å prise Gud. Men dei har også andre viktige funksjonar. Dei er englar som kan, som veit og har kunnskap. Englane kan vere kjerubar, erkeenglar og serafar. Ein av deira fremste funksjonar er å vere bodbringarar mellom Gud og menneske. Dei bringer heilage meldingar og fortel om ting som vil skjje, og dei vaktar heilage stader. I første mosebok kapittel 3 set Gud ein kjerub til å vakte vegen til livsens tre etter Adam og Evas syndefall.

Vi høyrer om Gud som via ein engel kjem med gode meldingar til Hagar, som får sonen Ismael. Men ei sjalu Sara viser vekk Hagar og Ismael, dei legg på flukt, men engelen finn Hagar og roper:

”Kva er i vegen med deg, Hagar? Ver ikkje redd! For Gud har høyrd guten gråte der han ligg. Reis deg, ta han opp og hald han fast i handa! For eg vil gjere han til eit stort folk.”
Så opna Gud augo hennar, og ho fekk sjå ein brønn. Ho gjekk og fylte sekken med vatn og lét guten drikke.

Vi ser her at engelen og Gud gjer sitt til at guten får leve vidare og Hagar tar seg av sonen sin. I utstillinga ser vi menneske som blir sat på prøve og her kjem englane dei til hjelp. Ein av dei mest kjende forteljingane er når Abraham må ofre sonen Isak for Gud for å vise sin kjærleik for Herren:

Så batt han Isak, son sin, og la han på alteret, oppå veden. Og Abraham retta ut handa og tok kniven og ville ofre son sin. Då ropte Herrens engel til han frå himmelen og sa:
”Abraham, Abraham!” Og han svara: ”Ja, her er eg.” Då sa engelen: ”Legg ikkje hand på guten og gjer han ikkje noko! For no veit eg at du har age for Gud, sidan du ikkje eingong sparte einaste son din for meg.”

Alt ender vel og engelen viser veg til ein vær som Abraham kan gi som offer.

Vi ser at engelen vernar liv at dei grip inn så menneska handlar godt. I salmane høyrer vi også ”For han skal gje sine englar påbod at dei skal verne deg på alle dine vegar. Dei skal bere deg på hendene, så du ikkje støyter foten på nokon stein.” Denne funksjonen er tolka til å vere rolla englane kan ha som skytsenglar, og denne vernande posisjonen finst i alle religionane utstillinga tar for seg.

Englefortellingar i kristendom

Lukasevangeliet fortel oss om Maria og hennar møte med engelen Gabriel. Ho får høyre at ho har Guds nåde og vil føde hans son:

Maria sa til engelen: ”Korleis skal dette gå til, når eg ikkje har vore saman med nokon mann?”
Engelen svara: ”Den heilage ande skal koma over deg, krafta frå Den høgste skal skyggja over deg .Derfor skal òg barnet som blir født, vere heilagt og kallast Guds Son.”

Vi ser at som i jødedomen er engelen bodbringer frå Gud. Lyset gjetarane ser i stallen er lys frå skarar av englar, ein hær av englar ser Marias fødsel.

Både i jødedom, kristendom og islam har erkeengelen Mikael ei sentral rolle. Han leiar englehæren og er nedkjempar draken i Johannes openbaring:

”Då braut det ut krig i himmelen: Mikael og englane hans gjekk til krig mot draken. Draken kjempa saman med englane sine, men dei vart overvunne, og det fanst ikkje lenger rom for dei i himmelen. Den store draken, den gamle slangen, han som blir kalla djevelen og Satan, og som forfører heile verda, vart kasta ned på jorda, og englane hans vart kasta ned saman med han.”

Den sterke Mikael overvinn draken og det heile ender godt.

I kyrkja i dag har englane plass i kunsten. Ein syng om dei i salmane og englane er ofte nemnd når kristne ber kveldsbønn. I utstillinga ser vi korleis englane inspirerer i folketru innanfor kristendomen og korleis store bodskap blir fortellingar i bilete og skulpturar. Engelen som kjem til Maria fortel ho om tida som skal kome, og dei er også til stades når Jesus står opp frå grava. Englane vernar både menneske og Gud.

Englefortellingar i islam

Ein har seks trusartiklar i islam og her utgjer tru på englar den andre artikkelen. Trusartiklane er: Tru på Gud, Allah, at han er ein; på Hans englar; på Hans bøker; på profetane og bodbringarane Hans; på dommedag og på predestinasjon.

Muhammad får Koranen openberra av engelen Gabriel (Jibril) og allereie i Koranens andre sure får vi høyre om englane. I sure 96 høyrer vi korleis Koranen blir levert til profeten:

Engelen Gabriel kom til profeten medan han sov i einsemde på fjellet Hirā' og sa: " Sei til!" Muhammad nølte, og tre gangar blei han nær kvelt av engelen før Muhammad spurte: "Kva skal eg seie?" Då sa engelen: " Sei til i namnet til Herren din som skapte alle ting, som skapte mennesket frå ein klump blod. Sei til, for Herren din er den mest gavmilde, som lærte ved hjelp av penna, som lærte mennesket det mennesket ikkje visste".

Gabriel kjem altså til Muhammad med kunnskap, med Koranen. Englane er til stades når profeten Muhammad gjer himmelreisa. I utstillinga har vi presentert fleire bilete der profeten er omkransa av englar når han gjer himmelreisa på hesten Buraq der Muhammad møter alle profetar som var før han. Etter tradisjonen er fjellet Moriah som profeten reiste frå, merka av fotavtrykket til engelen Gabriel. Dei store arra i Moriah kjem av at heile fjellet blei strekt opp mot Himmelen når det prøvde å følgje Muhammad på reisa.

Gud skaper alt, også lyset. Englane er lyspartiklar, dei skal tene, lyde, lovprise og kjempe for Gud. Men då Gud skapte Adam blei den dåverande engelen al-Ḥakam svært provosert. Han ville ikkje prise mennesket, som Gud laga av jord, av simpel leire og trassa Herrens befaling. Resultatet var at al-Ḥakam blei Iblis, ein jinn, og degradert frå engleskaren.

زبان نورگور ابره شده لعل شکر از زرد زده همه زرش	سعد روحه اما انداز بر عمل از پستی برستی شده با لعل	براق از تو شمشیر شرف شده بوی از زرش در زنده درین شده	چینت کشتل از زرش زلف شده سر را شش ایامی از زرش شده
--	---	---	---



بر آن لوح ز نقشش از او کی بدر آنجا نسیم که با شد ریس جلوه کا و طبعش چای	که سمت از نقشش از او کی بدر آنجا نسیم که با شد کیشد از رخ شاه در جان	بر آن زرش صفائی که استوا ازین کاغذ طای شمشیر زینا من اینجا همه جان و جان شد	سعد از زرشان صورت شده بجو تا شکر لایم کن در تان می و جام بیکر کینه است
---	--	---	--



Gustave Doré, La Divina Comedia, Dante Alighiere



Glansbilete



Uriel

Englefortellingar i dag

Englane er framleis til stades i kunst og reklame. Dei er nytta i teikneseriar og dei er nytta som bilete på det gode.

I nyreligiøse rørsler finn ein også ei orientering mot englar. På kafear i Bergen kan du trekke eit englekort som gir deg dagens engleord. Til dømes kan ein trekke eit kort med erkeengelen Uriel, lyset engel og Guds eld. Her kan ein få meldinga: "Your emotions are healing, which enables you to open up to greater love. I will help you release anger and unforgiveness from your heart and mind". Englekorta er meint som oppmuntring og mennesket sjølv må handle etter inspirasjon frå desse.

Religionane jødedom, kristendom og islam har framleis ein plass for englar og fortellingane om dei. Menneska som bur i religionane vel sjølve om englane er vegvisarar, vernarar og bodbringarar for dei, men i fortellingane vil dei stadig vere til stades og framleis gi nye menneske nye håp om ei lys framtid.

Kjelder

Bibelen.no. Det norske Bibelselskapet. <<http://bibelen.no>>, lasta ned 01.12.08.

Davidson, Gustav. 1971. *A dictionary of Angels, including the fallen angels*. New York : Free Press.

Garlid, Line Sæther. 2005. *Engleforestillinger i Den norske kirke*. Bergen, Masteroppgave i religionsvitsenskap, Universitetet i Bergen

Isaacs, Ronald H. 1998. *Ascending Jacob's ladder : Jewish views of angels, demons, and evil Spirits*. Northvale, N.J. : Jason Aronson..

Koranen. 1989. København: Tilford : Islam International Publ. (Dansk omsetting.)

Newsom, Carol. 1985. *Songs of the Sabbath sacrifice : a critical edition*. Atlanta, Ga.: Scholars Press

The World of Islam: faith, people, culture. 1992. Red. Bernard Lewis. New York : Thames and Hudson

Bøn og helsingar til englar

Frå Koranen

Sure 35, vers 1

الْحَمْدُ لِلَّهِ فَاطِرِ السَّمَوَاتِ وَالْأَرْضِ جَاعِلِ الْمَلَائِكَةَ رُسُلًا أُولَىٰ أَجْنِحَةٍ
مَّثْنَىٰ وَثُلَاثَ وَرُبَاعَ يَزِيدُ فِي الْخَلْقِ مَا يَشَاءُ إِنَّ اللَّهَ عَلَىٰ كُلِّ شَيْءٍ

قَدِيرٌ ﴿١﴾

*Lova vere Gud, som ut av ingenting skapte himlane og jorda,
som skapte englane som bodbringarar med vingar, to, eller tre, eller fire par, og
som legg til Skapinga som Han vil, for Gud har makt over alle ting*

Sure 17, vers 95

قُلْ لَوْ كَانَ فِي الْأَرْضِ مَلَائِكَةٌ يَمْشُونَ مُطْمَئِنِّينَ لَنَزَّلْنَا
عَلَيْهِمْ مِنَ السَّمَاءِ مَلَكًا رَسُولًا

*" Sei; Om det var komen til jorda, englar som gikk rundt i fred og ro skulle vi
sannelig ha send ned til dei frå himlane ein engel for ein bodbringar."*

Helsing til skytsenglane på sabbaten

Fred vere med dykk Malachai HaSharet (tenande englar)

Englar frå den høgaste

Frå Kongen av konganes kongar

Den heilage eine

Velsigna vere Han

Første Mosebok kap.48, vers 16

Må engelen som reddar meg frå all ondskap

velsigne barna

I dei skal namnet mitt leve vidare

Og namnet til Abraham og Isak

Fedrane mine

Og la dei bli mange i landet

Oración a San Miguel

San Miguel Arcangel, defiéndenos en la lucha;
sé nuestro amparo contra la perversidad y las asechanzas del demonio.

Que Dios manifieste sobre él su poder, es nuestra humilde súplica.

Y tú, Príncipe de la milicia celestial, con la fuerza que Dios te ha conferido, arroja al infierno a Satanás y a los demás espíritus malignos que vagan por el mundo para la perdición de las almas


Amen

Bøn til Sankt Mikael,
Erkeengel Sankt Mikael, Forsvar oss i kampen;
Vern oss frå perversiteten og freistingane frå demonen.

Må Gud vise si styrke over den onde, det er vår audmjuke bøn

Og du, Prins av himmelhæren, med krafta som Gud har gitt deg,
Kast satan og dei andre onde andane til helvætet, dei som vandrar i verda for å villeie sjelane.

Amen



San Miguel opptog i Calbuco, Chile

Oración a Angel de la guarda

*Angel de la guarda,
dulce compañía,
no me desampares
ni noche ni de día.
No me dejes solo,
que me perdería*

Bøn til Skytsengelen

*Skytsengel,
søte følgesven,
Ikkje forlat meg,
Verken om natta, eller om dagen,
Ikkje la meg vere aleine,
Då vil eg miste vegen*



Mälak 'uqabé, Skytsengelen
fra Ethiopia

Aftenbønn

*Når jeg legger meg til hvile,
Tretten engler om meg står.
Tvende med min høyre smiler,
Tvende til min venstre går,
To på vakt ved hodeputen,
to ved foten dessforuten,
to meg dekker,
to meg vekker,
en meg viser,
alle himlens paradiser*

Henrik Wergeland

Kveldsbønn

*Nå lukker seg mitt øye
o fader i det høye
I varetatt meg har
Fra synd
Fra sorg
Fra fare
Din engel meg bevare
Som ledet har min fot i dag*

Amen